

UNDRANDE & SKAPANDE 2025

Magasin for
Venneforeininga til Ryfylkemuseet

UNDRANDE & SKAPANDE



Magasin for
Venneforeininga til Ryfylkemuseet
2025

Ryfylkemuseet er litt ditt

Ryfylkemuseet er eit kulturhistorisk museum stifta i 1981. Det var langt på veg museumsinteresserte venner som la grunnlag for museet. Seinare har kommunar, fylke og stat tatt over og utvikla drifta vidare.

Museet er ein viktig samfunnsinstitusjon for Ryfylke, med samlingar i og frå heile Ryfylke, ein region med store variasjonar frå øylandskap i vest til fjord- og fjellandskap i aust. Hovudsetet er Sand i Suldal, men museet dekkjer òg Sauda, Hjelmeland, Strand, Sandnes, Stavanger og Kvitsøy - altså: det er litt ditt og du er med og forvaltar det.

Med om lag tjue tilsette tar museet vare på historia vår heilt tilbake til reformasjonen og fram til i dag. Men vel så viktig driv museet forskning og tilbyr kunnskap og opplevingar som skal bidra til ei positiv samfunnsutvikling i Ryfylke.

Har du lyst til å bidra aktivt til eit levande ryfylkemuseum? Venneforeininga og museet treng alltid omvisarar, vertskap på ulike anlegg, folk som kan skape aktivitet og engasjera både gamle og unge, og me veit at de som tradisjonsberarar sit inne med verdifull kunnskap som me kunne gjort oss nytte av.

Har du lyst til å vise fram mattradisjonar, handarbeid, handverk eller bidra i utviklinga av kulturlandskapet gjennom planting, poding eller potetdyrking? Eller kan du organisera ei seminarrekke, vise om eller lage aktivitetar på sommaropne anlegg?

Ta kontakt med oss på ryfylkevenn@gmail.com

Venneforeininga har eit eige styre som er sett saman slik:

Einar Schibevaag, Suldal, leiar

Anne L. Bratthammer, Strand

Kristoffer Nødland, Sauda

Varamedlemmer:

Torfinn Opheim, Sauda

Annfrid Halsne, Suldal

Det er om lag 300 medlemmer og målet er å gje ut magasinet ein gong for året for å fremja og gjera museet og vennene sitt arbeid kjent.

Foreininga er medlem av **Forbundet for norske museumsvenner** (FNM)





Ryfylkemuseet er eit kulturhistorisk museum, stifta i 1981 med samlingar i og frå heile Ryfylke, ein region med store variasjonar frå øylandskap i vest til fjord- og fjellandskap i aust. Målet er å vera ein samfunnsinstitusjon for Ryfylke. Hovudsetet er på Sand i Suldal, men museet dekker òg Sauda, Hjelmeland, Strand, Sandnes, Stavanger og Kvitsøy.

Program og aktivitetar finn du på

ryfylkemuseet.no





Styret er samansett slik:

Namn:

- Eli Nessa, styreleiar
- Berit Søvik Østerhus, nestleiar
- Kristoffer Nødland
- Sveinung Langvik
- Harald Bjarne Hellesen
- Asbjørn Birkeland
- Rolf Skretting
- Sissel Marie Bjerga
- Heidi Bjerga
- Gunhild Moe
- Kjell Gunnar Haraldseid
- Elisabeth Figenschou

Vald av:

- Venneforeininga til Ryfylkemuseet
Hjelmeland kommune
- Venneforeininga til Ryfylkemuseet
Strand kommune
- Suldal kommune
- Sauda kommune
- Kvitsøy kommune
- Stavanger kommune
- Sandnes kommune
- Rogaland fylkeskommune
tilsett Ryfylkemuseet
- tilsett Ryfylkemuseet

Nordenden 14, 4230 SAND
Tlf. (+47) 52 79 29 50
E-post: post@ryfylkemuseet.no

Frå 1. februar 2026 tek Sofus Vikeså Kjeka til som direktør ved museet.
Han kjem frå stillinga som direktør ved Sunnhordland museum.
Han er frå Sandnes der han òg sat i bystyret i fire år.
Vennene av museet helsar Sofus velkomen til Ryfylke.

UNDRANDE & SKAPANDE

Magasin for Venneforeininga til Ryfylkemuseet

Grafisk design og montering: **Gerhard Stoltz**

Bilde framside: **Jan Nordtveit**

Foto:

Lise Bjelland, Tor Øyvind Skeiseid, Aud Marit Hauge, Atle Ingar Vold,
Einar Schibeavaag, Jan Nordtveit, Ryfylkemuseet, Geir Frode Skjæveland, Comrod,
Lars B. Skipevåg, Arne Kleppa

Redaksjonsnemnd: **Styret i venneforeininga**


Trykk: **Grafo Trykkeri AS**

INNHALD

GAMLETING OG NYETANKAR ANNE LANGELAND BRATTHAMMER	8
ÅRET DÅ ALT STO PÅ SPEL – OG VEGEN VIDARE ELI NESSA	12
DEN BLÅ LIVSNERVA EINAR SCHIBEVAAG	17
VATNET SOM FØRTE TIL EIT INDUSTRIEVENTYR EINAR SCHIBEVAAG	24
I KVITEBJØRNEN SITT RIKE AUD MARIT HAUGE	28
BÅDE RÅD OG PRAKTISK HJELP Å FÅ ATLE INGARVOLD	32
Å VITA KVEN ME ER EINAR SCHIBEVAAG	38
LYSET HAR GLEDD MANGE EINAR SCHIBEVAAG	42
SETT FRÅ NABOHUSET TORFINN OPHEIM	46
SUKSESS SOM FORSVANN OVER NATTA LARS B. SKIPEVÅG	50
EIN NYVÅR FOR FRUKT-RYFYLKE ARNE KLEPPA	56



Anne Langeland Bratthammer er medlem i styret for Venneforeininga til Ryfylkemuseet og leiar av Ungdomsstyret i Ryfylke



GAMLE TING OG NYE TANKAR

Anne Langeland Bratthammer

Når me høyrer ordet museum, ser mange for seg støvete utstillingar, stille rom, folk som går rundt med alvorlege fjes og nikkar til fortida. Men sanninga er at eit museum ikkje berre handlar om det som har vore. Det handlar om det som skal komma. Det handlar om oss, og om korleis me forstår oss sjølve i ei verd som endrar seg raskare enn nokon gong før. Ryfylkemuseet er ikkje berre ein nostalgisk pause frå verda, det er ein ressurs for framtida, og kanskje ein av dei viktigaste byggesteinane for å halda liv i ryfylkeidentiteten vår.

RELEVANS FOR FRAMTIDA

For ungdom i dag er identitet ikkje noko som kjem av seg sjølv. Me lever i ei tid der alt skjer her og no, der algoritmar bestemmer kva me ser, og der global kultur presar seg inn i kvardagen vår gjennom den digitale suttekluten kalla mobiltelefon. Det er lett å tru at røtene våre ikkje betyr noko, at dei berre er gamle historier som ikkje har relevans for livet me lever.

Men det er feil. Å vita kven me er, kor me kjem frå, og kva som har forma oss, gir oss styrke. Det gir oss ei retning. Det gir oss ein grunn til å vera stolte av plassen me kjem frå. Når me kjenner historia til Ryfylke, kva me har skapt, kva me har kjempa for, kva me har bygd opp, får me ei djupare forståing av kvifor denne regionen er meir enn berre ein stad på kartet. Det er ein kultur, eit fellesskap, eit landskap med forteljingar som har verdi.

KVA LÆRER UNGE I SKULEN OM RYFYLKE

Ryfylkemuseet kan vera nøkkelen til å opna desse forteljingane for nye generasjonar. Det kan vera ein stad der me ikkje berre ser på gamle ting, men der me får oppleva historia med hendene, med sansane, og med kreativiteten vår. For kva lærer me eigentleg på skulen? Me lærer teori, me les om fortida i bøker, me puggar årstal og namn. Men det er noko heilt anna å stå i eit gammalt hus og kjenna lukta av tømmer, å sjå korleis folk levde før straumen kom, å prøva å smi ein spikar eller laga

tau slik ein gjorde det for hundre år sidan. Det er læring som set spor, fordi ho er konkret, fysisk og ekte. Det gir respekt for det som har vore, og inspirasjon til å skapa noko nytt.

INVOLVERING I KREATIVE PROSJEKT

Men, museet kan vera meir enn ein læringsarena. Det kan vera ein møteplass. Ein stad der unge og eldre møtest, der kunnskap går begge vegar. For me unge har noko å bidra med. Me har idear, me har energi, me har digitale ferdigheiter som kan gjera historia levande på nye måtar. Kvifor ikkje lage TikTok-videoar om gamle tradisjonar, eller utvikla digitale løysingar som gjer utstillingane meir interaktive?

Kvifor ikkje bruka museet som ein arena for kreative prosjekt, der kulturarv møter teknologi? Kulturarv er ikkje statisk; han lever berre dersom me tek del i han. Og dei unge vil vera med. Me vil ikkje berre vera tilskodarar, me vil vera medskaparar, og saman med eldre generasjonar føra historia til Ryfylke vidare til kommande generasjonar.

PÅ TVERS AV GENERASJONAR

For mange unge handlar det også om fellesskap. Det finst ungdom som er nysgjerrige på kultur, historie og handverk, men som ikkje alltid finn ein stad å dyrka denne interessa. Museet kan bli den staden. Ein plass der me møtest på tvers av generasjonar og interesser, der me lærer av kvarandre, der me skapar noko saman. Det kan vera kurs i tradisjonelle handverk, det kan vera arrangement som kombinerer musikk, mat og kultur, det kan vera prosjekt der ungdom dokumenterer lokalhistorie med film og foto. Moglegheitene er mange, og dei blir endå større dersom me slepp fantasien til.

Og så må me ikkje gløyma at museet også kan vera ein stad der heile familien kan oppleve noko saman. Til dei som enno ikkje har teke turen: besøk eit av Ryfylkemuseet sine anlegg. Det er ei oppleving som kombinerer historie, natur og aktivitet. Langt meir spennande enn berre ein skjerm. Du får forteljingar som ikkje finst på Netflix, og kanskje ein ny grunn til å vera stolt av plassen du kjem frå. For dei minste kan det vera eventyrleg å sjå gamle hus og båtar, medan dei vaksne får eit møte med si eiga historie. Det er ein aktivitet som skapar samtalar og minne.

Å DANNA OSS PÅ EIGA HISTORIE

Ryfylkemuseet har hatt sine utfordringar dei siste åra, men det betyr ikkje at det har mista relevansen. Tvert imot: i ei tid der alt blir digitalt og globalt, treng me lokale møteplassar meir enn nokon gong. Me treng stader som minner oss om at me har

ein eigen kultur, ei eiga historie, ein eigen identitet. Og me treng å gjera desse stadenene levande, ikkje berre for dei som hugsar fortida, men for dei som skal forma framtida.

Gamle ting er ikkje berre gamle. Dei er byggesteinane for framtida, men berre viss me tek vare på dei.



Skal dei unge vera med eller skal dei stå utanfor og sjå på...





Styreleiar i Ryfylkemuseet, Eli Nessa, er fødd på Fister og har trekt inn mange i arbeidet med å fremja museet sin plass i Ryfylke, Rogaland og Noreg

ÅRET DÅ ALT STO PÅ SPEL – OG VEGEN VIDARE

Eli Nessa

2025 starta ikkje stille. Det kom inn som ei urolig bølge, med kraft nok til å velte alt som ikkje sto støtt. Ryfylkemuseet var prega av svak økonomi, sjukmeldingar og ein organisasjon som trong både omsorg og handling. Det var mykje å ta tak i – og lite rom for feiltrinn.

Då me gjekk inn i januar, tok styret grep. Me fekk inn Målfrid Snørteland, tidlegare direktør ved Jærmuseet, som vikar i direktørstolen. Ein kombinasjon av uheldige forhold over tid hadde gjort det nødvendig med ei større omstilling – og nedbemanning. Våren blei prega av krevjande drøftingsmøter og tunge avgjerder. Færre hender skulle gjera meir, og me måtte arbeida klokare, tydelegare og med betre struktur enn før.

Midt i det heile valde direktør Anna Erhardt å takka for seg og reisa nordover. Som styreleiar måtte eg tre meir aktivt inn i drifta – ikkje som ein ny direktør, men som garantist for kurs, tryggleik og framdrift. Det har vore intenst og lærerikt, og på sitt vis også fint, for midt i turbulensen fann me kvarandre att.

Det skal dei tilsette ha heider for. Dei har stått i ein krevjande situasjon over lang tid, og likevel møtt opp kvar dag med fagleg tyngde, varme og mot. Eg er oppriktig imponert. Dette er folk som løftar kvarandre, løftar publikum og løftar Ryfylke sin kulturarv med omsyn og kjærleik.

EIT MUSEUM I RØRSLE

Trass i motgangen har me vendt blikket utover igjen, mot publikum, samarbeidspartnarar og dei mange stemmene som bur i Ryfylke. Me har jobba aktivt ut frå visjonen om å vera eit museum som speglar mangfaldet, inviterer til dialog og løftar fram heile spekteret av kulturuttrykk som formar regionen.

Ryfylkemuseet skal vera ei samfunnskraft i tida. Det betyr at me ikkje berre forvaltar historia, men brukar henne aktivt for å skapa innsikt, engasjement og framtidstru hos dei som bur her.

Det siste året har me derfor sett i gong fleire viktige satsingar. Eit av dei største prosjekta er den nye basisutstillinga på Nesasjøhuset, leia av Finn Krogh og utvikla

av SixSides. Utstillinga *Laksen, lågen og menneska* tek form som noko Ryfylke aldri har sett før, og vil opna under Ryfylkedagane i 2027. Me har også løfta fram historia om *Museet som aldri blei*, ein sår, men viktig samtale om ei sak mange hadde bore med seg lenge. Hummermuseumet på Kvitsøy er oppgradert, Brødrene av Sand har segla til Shetland, og draktutstillinga *Kva amerikakista gøynde* har gitt nytt liv til utvandringshistoria i samband med *Crossings 200*.

Samtidig har me vore til stades på marknader, festivalar og arrangement over heile regionen. Museet er ikkje berre hus, det er nærvær, fellesskap og møte mellom folk. Den positive responsen har gitt oss trua på at me er på rett veg.

RYFYLKEMUSEET SOM LÆRINGSARENA

Ryfylkemuseet er òg i ferd med å tre tydelegare fram som ein læringsarena for heile livsløpet. Som kulturbærar sit me på eit stort og rikt fagleg materiale som me ønskjer å gjera endå meir tilgjengeleg for barn, unge og fagfolk. Me har utvikla undervisningsopplegg for barnehage, småskulen, ungdomstrinnet og vidaregåande skule, og tilbyr kurs og opplæring for lærlingar og yrkesutøvarar innan tradisjons-handverk, folkemusikk og kulturhistorie.

I haust arrangerte me ein eigen fagdag på Kulturhuset i Suldal. Her møtte skuleeigarar, pedagogar og museumsvener til fagleg påfyll, deling av kunnskap og inspirasjon. Det blei ein suksess, og dei som ikkje kunne delta, vil få nye moglegheiter framover. Me ønskjer at denne fagdagen skal bli eit årleg samlingspunkt for læring, samtale og fellesskap. Slik kan Ryfylkemuseet bli ein stad der kulturarven ikkje berre blir vist fram, men forstått, brukt og vidareført – og der dei yngste i Ryfylke får både røter å stå i og venger å fly med.

TRADISJONAR SOM SYNG – FOLKEMUSIKKARKIVET I ROGALAND

Midt i alt dette står òg Folkemusikkarkivet i Rogaland, ei unik samling av musikk- og dansetradisjonar som har levd i munnleg overføring gjennom generasjonar. Her finn ein både melodiar og dansar med røter tilbake til mellomalderen og materiale som er yngre og vokse fram på 1900-talet. Dette mangfaldet er eit levande bevis på eit Rogaland i rørsle, ein region der folk alltid har skapt, delt og vidareført kultur.

Materialet ligg ikkje i arkivet for å kvile, det ligg der for å brukast. Gjennom opp-tak, intervju og dansarar lever tradisjonane vidare. Rogaland utgjør faktisk ei viktig brikke i det store mangfaldet av eldre pardanstradisjonar i Norge. I tillegg rommar arkivet runddans, songleik, intervju og nedteikningar frå heile fylket, eit skattkammer av immateriell kulturarv som me tek på djupt alvor.

KAMPEN FOR BYGNINGSVERNMIJØET

Eit anna fagmiljø me er stolte av, er det unike bygningsvernmijøet vårt. Dette er tradisjonshandverkarar i nasjonal toppklasse, fagfolk som forvaltar sjølve fundamentet i museumsdefinisjonen:

Eit museum er ein ikkje-kommersiell permanent institusjon i samfunnet si tene-
ste, som forskar på, samlar, konserverer, fortolkar og formidlar materiell og imma-
teriell kulturarv...

Me har hatt utallege møte og drukke uendeleg mange koppar kaffi for å sikre at
beslutningstakarar i heile landet forstår kva som står på spel. For her ligg eit poten-
sial for forskning, tradisjonsbygging og fagutvikling som verkeleg kan setja Ryfylke
på kartet.

EI NYTID – OG EI TAKK SOM SKAL STÅ LENGE

No, heilt på tampen av året, står me i slutfasen av å tilsetta ny direktør. Når ved-
komande er på plass, kan Målfrid Snørteland trekka seg tilbake til si aktive pen-
sjonisttilværelse – etter å ha bore museet gjennom ein av dei tyngste periodane i si
historie.

På vegner av alle: Tusen takk, Målfrid. For ro, klokskap og erfaring. For mot. For
stødig leiing. For at du stilte opp då du trongst som mest.

2025 var eit år med uro – men også eit år med retning. Me står støare no enn for
eit år sidan. Me har gjort mange av dei vanskelege vala. Me har funne nye arbeid-
småtar. Me har byrja å byggja vidare på det museet skal vera: ei samfunnskraft i
Ryfylke.

Og me gler oss til å møte vener av museet – både dei som har følgd oss lenge, og
dei som finn vegen inn no.

For me treng dokker.

Og eg trur verkeleg at dokker treng oss.



• Suldalslågen

- Vassdraget er ei av Vestlandet si største elvar. Elva er meir enn 22 km og renn frå Suldalsvatnet til Sandsfjorden.
- Lågen har vore kjelde til glede og kamp over fiske og reguleringar i Suldalsamfunnet. På 1800-talet var fiske stort, så stort at elva mest var tom for laks. Walter Archer, ein embetsmann og pasjonert sportsfiskar frå England, kom til Suldal i 1883 og fekk forhandla til seg rettane for heile fisket i elva for 40 år. Han sette foten ned for fiske mellom anna med garn, i elva. Desse restriksjonane har gjort Lågen til ei populær elv for sportsfiske der det går an å få stor fisk. Den største laksen som er fanga, skal vera 34 kilo.
- Historiske rettsdokument viser òg at det alt seint på 1200-talet var tvistar om fiskerettane i Suldalslågen. Munkane som hadde tilhald på Halsnøy i Sunnhordland, var involvert i «Kampen om laksen» mot lokalbefolkninga for å hevda rettane sine. Ein strid som strekte seg over fleire hundre år.
- Vassdraget er regulert etter vasskraftutbygginga i Suldal-Røldal (1963–68) og seinare òg med Ulla-Førre-utbygginga (1974–88). Den siste utbygginga har spelt inn på livet i Suldalslågen med mellom anna endra vassføring og endra vasskjemi.



DEN BLÅ LIVSNERVA

Einar Schibevaag

Vatnet som renn gjennom Suldalslågen har vore og er energi for Ryfylke. Nå vil Ryfylkemuseet laga ei utstilling som inviterer oss inn i den blå livsnerva Lågen har vore for menneska i regionen i meir enn 1000 år.

Utstillinga har som mål å fortelja kva for innverknad menneska har hatt på vassdraget og laksen gjennom tidene. Kva utfordringar denne historia har for samfunna og kva for utfordringar menneske vil by laksen og Lågen framover.

VIKTIG SAMFUNNSDEBATT

Det skal bli ei aktiv og innhaldsrik natur- og kulturhistorisk utstilling. Det er ei krevjande oppgåve når utstillinga skal vera tematisk spennande for liten og stor. Likevel meiner Krogh det er naturleg å spissa målgruppa litt i retning av lokalt og regionalt publikum med ekstra vekt på barnefamiljar.

Ryfylkemuseet har engasjert den tidlegare direktøren ved Norsk Oljemuseum i Stavanger, Finn E. Krogh, til å laga eit forprosjekt for ei utstilling som dei tar sikte på skal opna våren 2027 i Nesasjøhuset på Sand. Han har alt invitert inn fleire i samtalen om koss denne utstillinga til slutt skal bli, og fleire vil det bli, når arbeidet skal konkretiserast ytterlegare.



Historia til vassdraget som går så langt tilbake i tid, og rolla som elva har spelt for folk, har utfordra og vil utfordra nye generasjonar. Derfor blir spørsmålet korleis me gjennom ei slik utstilling kan få folk til å reflektera over dei ressursane Lågen gir og vil gi i tider som skal komma. Utstillinga vil vera eit viktig innspel i samfunnsdebatten framover.


SAMSPELET

Å visa menneska sitt samspel med elva står sentralt når utstillinga skal lagast, fortel Krogh. Gjennom generasjonar har det ført til utvikling av mellom anna teknologi som oppgangssaga og tømmerfløytinga på 1500-talet. Å kartleggja og visa gamle, primitive metodar for fangst blir viktig.



Utstillingslokalet i andre etasje i museet





Dette skal forteljast gjennom tre sentrale fagtema: Lågen, Laksen og Menneska. Desse temaa får kvar sine soner i utstillinga, der utforming og scenografi understrekar dei unike særprega. På same tid som desse temaa blir ein del av naturen sin heilskap, står dei òg i eit samspel som har gått føre seg gjennom hundre- og tusenvis av år, fortel Krogh.

STOR SATSING

Utstillinga skal disponera om lag 180 kvadratmeter i Nesasjøhuset (2. etasje). I eit konstruktivt samarbeid med fagmiljø innan utstillingsarkitektur og design skal utstillinga utviklast og formast. Krogh meiner det dei vil vera med å skapa skal bli ei moderne utstilling basert på engasjerande opplevingar og ei opplysende tilnærming. Kostnadsramma er på seks millionar kroner, og Suldal kommune er utfordra til å bidra med tre av desse.

Den blå livsnerva kjem til uttrykk i det scenografiske, der gylne historier og innhald «funklar frå djupet». I eit ytre lag vil du oppfatta hovudtrekk i eit tema, mens delar ligg skjult i djupet. Her kan ulikt innhald engasjera og skapa rom for ettertanke og refleksjon, framhevar Krogh.

– Å bruka historieforteljinga i fleire lag som formidlingsgrep, er spennande. Det heilskaplege uttrykket skaper stemning, utan at tekstar og detaljar stel merksemd.

Å KNYTE UTSTILLINGA TIL PERSONAR


Det første publikum vil få sjå når dei kjem til utstillinga, er ein landskapsmodell, sjølvve navet i utstillinga. Den blå livsnerva viser veg inn i utstillinga. Slik blir Suldalslågen konkretisert gjennom «den ibuande krafta». Modellen vil ha kotar som viser terreng, og utvalde stader langs elva blir peika ut.

Personifisering, der du møter autentiske menneske, skal få museumsgjesten til å kjenna på det som er ekte. Det kan komma frå enkeltpersonar eller vera historier som oppstår i samtale mellom fleire menneske. Bruk av frontale portrett i kombinasjon med lyd, skaper liv. At me møter menneske frå ulike miljø og tider skaper rom for refleksjon og ettertanke, fortel ein engasjert prosjektutviklar.



*Lågen – og Montagu Richard Waldo Sibthorp sitt
«lakselott» på Lindum, truleg på 1890-talet*

Skisse fra prosjektplanen for
utstillinga om Lågen og laksen



SJØFISKE AV LAKS

Rolla laksefisket har hatt å seia for folk i fjordane, har òg vore viktig for mange. Dette er no begrensa, og det har til tider vore strid mellom fiske i sjø og elvane. Det er naturleg at me òg set fokus på denne delen av saga til laksefisket. Eit viktig fiske for mange, men som òg til tider har vore vanskeleg i møte med fiske i elvane.

LAKS-OLJE-LAKS

Eit slikt prosjektarbeid skjer ikkje på kammerset mitt, seier Krogh. Han har invitert til fleire prosessar der utvalde personar er inviterte til å gi innspel og meina noko om korleis arbeidet med ei slik utstilling skal leggjast opp. Sjølv kjenner han laksefisket og rolla laksen spelar for mange lokalsamfunn i Noreg. Alt frå han var liten, gjekk turen til Suldal for å fiska. Ein lidenskap som har følgt han heile livet.

Og laksen stod òg sentralt i arbeidslivet ei tid. Før han blei direktør for Oljemuseet bygde han opp Nasjonalt villakssenter i Lærdal, der du kan få innblikk i laksen sin oppvekst i elva, vandringa ut i storhavet, tilbake inn fjorden og opp fødeelva til han møter fossen der han ikkje kjem lengre.

–Ja, så når eg fekk denne utfordringa passa det vel, det blir på ein måte å gå til det eg verkeleg brenn for.






Kor kan du fiska villaks

I om lag 450 norske elvar kan du fiska. Talet har gått noko ned på grunn av svak villaksbestand, og i 2025 var fisket meir begrensa enn tidlegare, og nokre elvar er stengt for fiske heilt eller delvis.

Laksefiske har òg vore ei viktig næring i fjordane inn mot elvane, men i dag er dette sterkt regulert, og det er få som har rett til å fiska med garn, i så tilfelle er det tale om korte periodar om sommaren.



Tau-vassdraget var ei historisk lakseførande elv fram til 1842. Det endra seg då møllefossen braut ut, og danna eit nytt hovudløp med det resultat at det tidlegare løpet, Gamleånå, blei sekundærløp for vassdraget. Tidvis var dette løpet tørrlagt. Når laks ville opp i vassdraget for å gyta, leitte denne etter straumen og fann ein foss som blei for bratt å gå opp i.

I samband med regional vassplan for Rogaland i 2022, blir det slått fast at det er ei prioritert oppgåve å få tilbake elva som lakseførande, ei lang laksetrapp frå Hidlefjorden og opp til Krossvatnet slik at laksen kan vandra forbi inntaket i Bjørheimsvatnet og halda fram forbi terskelen ved Tysdalsvatnet. Går alt etter planen, vil det igjen vera laks som går opp for å gyta i vassdraget frå 2027.

VATNET SOM FØRTE TIL EIT INDUSTRIEVENTYR

Einar Schibeavaag

Ei spennande reise fleire bør få del i, meiner Geir Frode Skjæveland, forretningsmann og museumsentusiast som vil etablere eit vitensenter som spelar på rolla vatnet har hatt for industriutviklinga på Tau.

Ei lita klynge av avanserte teknologi-bedrifter har vakse fram her. Fleire av dei er nokså nye, men for meir enn 75 år sidan blei Brødrene Tjøstheim etablert, selskapet me i dag kjenner som Comrod. Gleda med å fiska, å ha mat på bordet førte til utviklinga av ei nyvinning for fiskaren utført av dei to brørne John og Jacob Tjøstheim på Tau.

Det starta med utvikling av ei fiskestong, og i dag leverer dei antenner til Mars. Slike historier som skaper arbeidsplassar og levebrød, er det fleire av. Me ser effekten av dei kvar dag, men tenkjer kanskje ikkje over opphavet til dei columbi-egga som blir klekte ut. – Å gje nye generasjonar inspirasjon og kunnskap er engasjementet hans, slik at dei forstår kor viktig opphavet – eller grunnlaget, om du vil – for det som er skapt og utvikla er, seier Skjæveland.

Å skapa har tauarane vore kjente for òg før fiskestonga blei lansert, men felles har ofte vore vassressursane Tau-vassdraget har gitt den industriutvikling me har opplevd.

– Når ung som gamal får kunnskap ved å bli engasjert gjennom vitensentermodellen, blir den besøkjande invitert til å lære kva mysteriet innovasjon kan føre til, korleis det kjennest når fisken bit på stonga. Å delta, oppleve og utforska må vera stikkord her, seier Skjæveland.

På kort sikt vil Skjæveland bruka eige anlegg på garden sin på Tau like ved vassdraget, men målet må vera at det blir bygd eit signalbygg som kan bli eit trekkplaster og supplement til dei mange attraksjonane regionen har.

I fleire år har ein gjeng med Tau-entusiastar arbeidd med planane for etablering av eit vitensenter. Nå som det er avklart at laksen er på veg tilbake i vassdraget forbi her, aktualiserer dette etableringa.

– Å invitera det offentlege, og ikkje minst Ryfylkemuseet, med å arbeida vidare er naturleg. Det kan bli ein møteplass som får fram det museale, men òg det som skal leggja grunnlaget for framtida.

Å gje folk danning som spring ut frå naturen står sentralt for arbeidet til Skjæveland. Altså at du opplever noko som er med å gje deg større innsikt og kunnskap om tema. Til dømes korleis utstyr og måtar å hausta av det sjøen og vassdraget gir har vore i endring og vil endra seg i åra som kjem.

Ein engasjert Skjæveland er tydeleg på at han vil at fleire unge må få delta, ta på og erfara at industriutvikling handlar om å setja saman idear og ting på nye måtar og plutselig sjå kva nye løysingar kan føra til. Tau er ein arena for unge med Strand vidaregåande skole i sin midte. Utbygginga og utviklinga her innan elektronikk og naturbruk inviterer til samarbeid.

Når me koplar dette til den veksten me ser i næringslivet på Tau, vil eit slikt senter bli svært viktig for Ryfylke si næringsutvikling. Eit vitensenter kan her bidra svært positivt og som han trur næringslivet òg vil investera i.


Ryfylke har mange turistar, og me treng nye arenaer for å få fleire til å stoppa lengre i regionen. Å leggja til rette for at fleire av dei gode tilboda blir oppdaga, vil styrkja regionen samla med det lokomotivet som står framme, Preikestolen.

Initiativet kjem frå arbeidslivet og me vil driva dette framover, men det offentlege må òg på banen og bidra til eit slikt senter. Me vil handla nå og komma i gang, og



Geir Frode Skjæveland brenn for å sleppe laksen til i det vel 20 kilometer lange vassdraget som renn ut i Hidlefjorden. Og då kjem Tjøstheimstanga han har vel med

så må det leggjast ein plan slik at finansiering og drift av eit utviklande og arkitektonisk spennande anlegg kan invitera folk frå Ryfylke, Rogaland og for den del heile verda å læra meir om det verket vatn og sjø gir oss.



Tjøstheim-stengene

Like etter krigen starta brørne John og Jacob Tjøstheim å laga fiskestenger av stål. Dei gjorde suksess og trefte du ein fiskar med kvit fiskestong i hendene for 40-50 år sidan, var stonga produsert på Tau. Den kvite stonga blei varemerket, kvitfargen skulle vera gunstig for ikkje å skremma fisken når han ser stonga mot ein lys himmel. På 50-talet var det massive stenger som førte an, men i 1957 kom oppskrifta for korleis du lagar hole stenger i glasfiber.

Nyvinninga blei ein suksess, og rundt 1980 produserte selskapet om lag 30 000 stenger i året. Og nå var òg selskapet blitt stort på produksjon av antenner mellom anna for marin sektor og romfartsindustrien. Nå kjent under namnet Comrod.





RASMUS LØLAND-JUBILEET

Frå 2007 til 2011 blei barnebokforfattaren frå Hylsfjorden i Suldal kommune trekt fram i lyset i ei fem år lang jubileumsmarkering. Løland blir rekna som den første barnebokforfattaren her til lands. Han utmerka seg med eit direkte språk. Det å sjå verda gjennom barn sine augo, er også kjenneteikn for Løland sitt forfatterskap.

Ei av dei mest kjente bøkene hans er *Kvitebjørnen*.

Boka handlar om fire gutar; Pål, Gunnar, Kolbein og Andres, som byggjer seg ein kvit bjørn i snøen og klatrar inn i bjørnekroppen. Der inne fortel dei eldre gutane eventyr og historier som set fantasien i sving, - og byrjar ikkje bjørnen og røra på seg? Kvitebjørnen fer mot Nordpolen og møter mellom anna på troll og sjølvaste Nordavinden.

Ei ny utgåve av boka blei gitt ut i 2007 i samband med jubileet.



I KVITEBJØRNE SITT RIKE

Aud Marit Hauge

Me møtest i inngangspartiet i første etasje i Nesasjøhuset. Åtte livlege og spente ungar i alderen to til 11 år. Nokre har vore her før medan andre skal ha sitt første besøk i utstillinga *Kvitebjørnen* denne ettermiddagen.

Me må opp tre etasjar, heilt til topps. Av med skoa før døra inn i utstillinga blir opna og avslører ein svær, kvit isbjørniskulptur. Og isbjørnen rommar magi. Inne i den romslege kroppen kan me setja oss ned på kvite skinnfellar og høyra historia om Kvitebjørnen. Men har nokon tid til det nå? Når me så vidt har komme inn? Nei, det må venta. Det er mykje som skal utforskast.

Dei som har vore her før viser veg til klesstativa. Her er flust med prinsesse-kjolar, prinse-kappar, kongekroner og fargerike hoffnarrklede i alle storleikar og fasongar. Kleda går av og på, alt må prøvast ut til trillande latter og storøygd beundring. Men snart finn alle sitt kostyme dei kan starta reisa gjennom Kvitebjørn-utstillinga med.

Like ved ligg spegelsalen, ein ballsal som speglar seg endelaust innover og innover, med kongetrona som einaste møbel. Å setja seg på trona innbyr automatisk til eit dempa lydnivå, litt rettare rygg og ei respektfull framtoning. Heilt konge.

Men utstillinga har meir å by på. Så snart kongetrona er forlatt, er dei høglydte ropa tilbake, det er hopp og sprett og pur glede. Eit par borgtårn lenger inne i utstillinga står for tur. Er det fangar i tårnet? Ei forheksa prinsesse? Det heng iallfall nokre halvskumle figurar ut av eit par tårngluggar. Tårna blir klyvde på og granska både på innsida og utsida, og hadde det vore noko som skjuler seg i tårnet, skulle det ganske sikkert blitt avdekka. Eller?

På bortre vegg startar ein film. Kvitt vinterlandskap og susing av snø og bles som får oss til å føla eit gufs av kulde. Og ein majestetisk isbjørn labbar over landskapet. Dette fasinerer dei yngste. Kanskje byrjar dei å bli litt trøytte også av all aktiviteten og fantasiverda dei har flytta inn i.

Ein time går fort. Ingen har lyst å gå. Men dei lovar; her skal dei komma tilbake.

Kvitebjørnen på Ryfylkemuseet

Utstillinga *Kvitebjørnen* opna dørene for publikum første gong i 2010. Ho er eit resultat av Løland-jubileet som gjekk over fem år: Ryfylkemuseet blei utfordra til å dra Løland-markeringa vidare med fokus på barnekultur. Og slik blei utstillinga til. Undervegs i arbeidet blei ungdomsskuleelevar engasjert til å bidra med kva dei ville ønskt å sjå og oppleve. Tema *Kvitebjørnen* er henta frå ei av dei mest kjente bøkene til Løland.

Under nedstenginga i pandemien gjennomgjekk utstillinga ei renovering og oppgradering og hadde ei nyopning i 2021. Ryfylkemuseet dreg også tema *Kvitebjørnen* ut av utstillingslokalet. I vinterferiane (når det er snø) har dei aktivitetar ved Gullingen med snøfigurkonkurransar og snøleik, med sterk inspirasjon i *Kvitebjørnen*.

Sjølv om utstillinga er 15 år, er ho framleis aktuell og populær: Stadig kjem det nye folk som ikkje har vore innom på besøk tidlegare, samstundes som faste gjester besøkjer utstillinga igjen - og igjen.


Kvitebjørn-utstillinga står solid på egne bein, men ho kan også vera bakgrunn og miljø for lese- og forteljarstunder; konsertar; dokketeater og endåtil barnebursdagar.



*Publikumskoordinator
Elisabeth Figenschou i
formidlingsavdelinga på
Ryfylkemuseet.*





A stylized illustration of a coastal town. In the foreground, a boat is docked at a pier. In the middle ground, a large, multi-story building with a prominent tower is visible. In the background, a lighthouse stands on a rocky outcrop. The scene is set against a backdrop of a blue sky with white clouds and a blue sea. The overall style is graphic and modern, with a color palette dominated by blues, greys, and earthy tones.

-Me driv ikkje på for oss sjølve og berre arbeider med museet sine bygningar. Like viktig for oss er å nå ut til folk i Ryfylke og tilby tenestene våre. Me kan både gje råd, laga og levera bygningsdeler og hjelpa til med det praktiske, fortel handverkar og driftsleiar, Sven Hoftun.

-Og dette er berre litt av det me kan by på, legg han smilande til.

BÅDE RÅD OG PRAKTISK HJELP Å FÅ

Atle Ingar Vold

Avdelinga for bygningsvern har i alt sju tilsette: Ein vaktmeister, to merkantile stillingar og fire handverkarar. Tidlegare hadde dei basen sin ved museet i Nordenden på Sand, men har nå samla alt i Gåsavikja, også på Sand. Her har dei mellom anna kontor, og verkstad med laftehall som og kan brukast til undervisningsrom.

– I arbeidet vårt er det eit element som må liggja til grunn, og det er *kunnskap*, slår Sven Hoftun fast. – Og skal me få den kunnskapen, må me ut i Ryfylke og sjå og undersøkje bygningar og byggemåtar. Me finn då fleire ulike byggeteknikkar, og skal me forstå dei, må me læra oss dei og kunna bruka same teknikkane. Me må altså arbeida for å læra. Dette vert kalla handlingsboren kunnskap.

HANDLINGSBOREN KUNNSKAP

Omgrepet handlingsboren kunnskap vil me gjerne ha ei utdjuping av, og Sven Hoftun forklarar: – Det grunnleggande her er å arbeida i lag med ein som kan (fagmann og lærling). Det er dette samarbeidet (samhandling) som gir ei handlingsboren overføring av kunnskap og kompetanse. Derfor har me jobba mykje i lag med det som vert kalla tradisjonsbærarar, for at me (som lærlingar) skal tileigna oss eit handverk eller ein teknikk. Det er dette som ligg til grunn for læringa.

– Dei gamle tradisjonsbærarane vert eldre, og mange har falle frå, og då møter me stadig oftare nye ting me ikkje har tradisjonsbærarar på. Då har me kun vår eiga forståing og erfaring å byggja på for å tolka, til dømes korleis ei laftenov er hoggen. Då er verktøyspor ei viktig kjelde. Skal me forstå verktøysporet, må me ha kjennskap til verktøyet og korleis det fungerer, saman med kunnskapen om andre novar. Slik kan me henta opp att kunnskap om gamle teknikkar og føra det vidare gjennom kurs og opplæring, utdjuvar han.

Mange av desse gamle verktøya er tekne vare på, men handverkarane på Ryfylkemuseet lagar eigne kopiar dersom det må til.

På denne måten har dei tilsette ved bygningsvernavdelinga opparbeidd seg ein brei kompetanse som dei meir enn gjerne vil dela med sambygdingar og andre. Dei stiller som instruktørar på kurs i ulike byggeteknikkar, gjerne i samarbeid med Fortidsminneforeningen.



Det lokale byggefirma Suldal Bygg (tidl. Suldal Hyttebygg) har nytta seg av tenestene til bygningsvern-avdelinga. Tilsette frå byggefirma har arbeidd saman med og lært av handverkarane til Ryfylkemuseet. Her er Magnar Skåre Grov saman med Mark Laurenson frå Ryfylkemuseet. Dei byggjer opp att eit eldre hus frå Sand (det såkalla «Karlhuset»).

Dagleg leiar i Suldal Bygg, Lars Christian Benninghoff .Øystad, rosar samarbeidet med Ryfylkemuseet.

– I dette prosjektet har me leigt inn ein handverkar frå bygningsvern-avdelinga, og slik får me hjelp til å setja i stand huset med dei rette teknikkane. Men det viktigaste for oss er den kunnskapserfaringa me får. Slik får me også utvida kompetansen vår. Det er heilt unikt å ha dei med på laget, seier han.

– Me er imponerte over korleis folk tidlegare nytta ressursane som fanst av det dei trong til bygging i alt frå skog- til steinressursar. I samarbeid med lokale skogeigarar har me felt skog på gamlemåten, handkløyvd og øksa tømmeret eller skore det på oppgangssag, fortel Sven Hoftun.

– TA KONTAKT MED OSS

Dei tilsette ved bygningsvern-avdelinga har ei klar oppmoding til eigarar av eldre bygningar:

– Dersom nokon skal restaurera hus eller til dømes dører eller vindauge, vil me meir enn gjerne hjelpa til. Sjå om nokre av punkta nedanfor kan passa for ditt prosjekt, seier Sven Hoftun og listar opp:

1. Gratis synfaring

Museet sine folk kan komma på gratis synfaring for å gje råd. Det er ikkje krav om at bygget er verna eller freda for å få hjelp. Dei tilbyr eit gratis dagsverk, og dette gjeld for heile Ryfylke.

Etter besøket får du ein kort tilstandsrapport. (Det finst stønadsordningar for istandsetjing av eldre hus, og ein slik tilstandsrapport kan leggjast ved søknaden. Museet vil informera om dei ulike støtteordningane). Skal du søkja om støtte, må du laga eit kostnadsoverslag.

2. Rådgjevar for større prosjekt

Dersom du ønskjer rådgjeving i konkrete restaureringsprosjekt, kan tilsette ved museet ta på seg å vera rettleiar. Dette tilbodet er nok ikkje gratis, men den breie kompetansen til museumshandverkarane kan vera både nyttig og viktig i restaureringa.

3. Tilstandsvurdering

Ved større prosjekt krevst det ei grundig tilstandsvurdering der ein gjennomgår alle bygningselementa i huset. Dette dokumentet kan gje grunnlag for å få pris for å få utført arbeidet. Tilstandsvurderinga må også betalast for.

Erling og Kristin Ritland frå Suldal har hatt god hjelp av bygningsvernavdelinga til restaurering av eit hus frå 1700-talet på Foss. Mellom anna har dei fått tilstandsrapport, og vindaugo i huset er restaurerte av museumshandverkarane. Til det arbeidet var dei så heldige at dei kunne bruka ein gamal høvel som dei fann der på garden.



4. Eigen verkstadproduksjon

Bygningsvernavdelinga har ein godt utstyrt verkstad der dei sjølve kan laga mykje av det som må til i eit hus. Døme på dette er konstruksjonsvirke, kledning, listverk, vindauge og dører.

Kunden vil sjølvsagt få eit pristilbod frå museet, men dei gjer alt dei kan for å gje konkurransedyktige prisar.

5. Større restaureringsoppdrag

På verneverdige bygningar kan bygningsvernavdelinga ta på seg større restaureringsoppdrag. Det kan t.d. vera oppattbygging og utbetring av laftekassar, takteking og skifte av kledning.

Museumshandverkarane har også kompetanse på tørrmuring og opparbeiding av husgrunnar.

6. Delelager

Museet har eit lager av godt brukande bygningsdelar som dei sel. Utvalet varierer etter kva dei får tak i, men her kan du m.a. finna takpanner og skifer.

FÅ SLØYDENTILBAKE

Sven Hoftun har ein kjepphest han gjerne vil nemna:

– Eg vil slå eit slag for den gamaldagse sløyden. Eg har sett kor viktig det er at ungane lærer seg å bruka verktøy og får lov til å skapa ting frå dei er ganske små. Dette er noko me på museet tek på høgste alvor, seier han.

Derfor kan dei tilby skulane kurs som oppfyller måla i læreplanen, ikkje berre for grunnskulen, men også for den vidaregåande skulen. Har ikkje skulane høveleg sløydsal, kan elevane komma til verkstaden i Garaneset.

– Me vil også vera ein læringsarena, og spre entusiasmen og gleda av å arbeida med naturprodukt, legg han til. -Dette er også ein god måte for oss å formidla kunnskapen vår på.

IKKJE KULTURMINNEPOLITI

Bygningsvernavdelinga har mange oppgåver å ta seg av. Vedlikehaldet av alle 79 bygningane til Ryfylkemuseet ligg til deira arbeidsområde, og med så få tilsette seier det seg sjølv at dei ikkje rekk over alt. Er det då rett å driva med hjelp til private og laga til kurs?

– Alt dette handlar om ressursar. Rogaland fylke er med på finansieringa av den utoverretta verksemda til Ryfylkemuseet, så dette er ein del av oppdraget vårt, seier Sven Hoftun.

– Jobben vår er å læra oss handverket og vidareformidla det. Det kjem handverkarar etter oss som òg skal kunna dette, og slik håpar me å vidareføra kunnskapen. Dette er med på å ivareta kulturminna for ettertida, legg han til.

Men dei vil ikkje vera noko kulturminnepoliti. – Sjølv sagt skal tradisjonar takast vare på, men me skal finna løysingar som skal fungera i den tida me lever i, seier han.

Dei har altså ikkje vanskar med å finna arbeidsoppdrag, dei tilsette ved bygningsvern avdelinga. Likevel kan dei tenkja seg fleire. Dermed kan dei kanskje læra seg endå noko nytt, og få endå meir kunnskap om den rike kulturarven som finst i dei gamle bygningane som finst over heile Ryfylke.

(Fleire opplysningar kan du få på heimesida ryfylkemuseet.no eller ved å ta kontakt med ein av dei tilsette på avdelinga).



*Staben ved bygningsvern avdelinga framfor kvernhuset frå Kvednahålo i Suldal.
Kvernhuset er under restaurering, og skal byggjast opp att der det stod.*

*Frå venstre ser me Mark Laurensen, Kjell Gunnar Haraldseid, Bergit Tysseland,
Sven Hoftun og Nils Hoftun.*



Den viktigaste rolla musea har er å hjelpe folk til å bli kjent med og forstå grunnlaget for sin eigen historie og kultur. - I det heile tatt kven dei er, seier Henrik Halleland, varaordfører i Stavanger.

Den tidlegare Finnøy-ordføraren frå KrF tok med seg kommunen sin og rolla kommunen hadde for museumsarbeidet gjennom Ryfylkemuseet sitt virke til «byen». På same måte som Rennesøy kommune og Forsand kommune blei dei ein del av høvesvis Stavanger og Sandnes kommune frå 2020.

Museet har ei viktig rolle for oss med å forstå vår eigen identitet, meiner Halleland. Kunnskap om det som ligg langt bak oss i tid, men òg den nære fortida er viktig når me skal søkje å forstå kva for retning me skal peika ut framover.

Stavanger har i så måte ei viktig oppgåve. Ein by som var jamstor med Ryfylke i folketal rundt 1920. Han vaks fram og svært mange av dei som bidrog til folkeveksten kom frå Ryfylke, dei slo seg til og var med å bygde den byen me ser i dag. Ei oppgåve både Stavanger og Ryfylke-regionen kanskje har vore for dårlege til å fortelja om og minna oss på. Folk har større interesse for historie enn me ofte trur.

– Eg opplever sjølv at sære prosjekt og historiar kan gjerast spennande gjennom engasjert formidling der du òg blir involvert.

Varaordføraren vil ikkje stå fram som ein ekspert på det museumsfaglege, men meiner nok at musea generelt må bli flinkare til å kommersialisera tilboda sine. Å gjera opplevingane relevante og godt formidla vil invitera unge og gamle inn i det universet som er søkt formidla. Berre tenk på alle dei som bur i bygdene våre som og kan vera med å bidra til slik formidling gjennom det frivillige, meiner Halleland.

Og han brukar mellomalderkyrkjene som er i Stavanger som døme. Ei formidlingsreise mellom kyrkjene på Sæbø, Talgje, Hesby og domkyrkja i Stavanger kunne trigga mange som knapt veit om dei. Han er ikkje i tvil om at samarbeid mellom museet og reiselivet kunne fremja gode opplevingar og dermed større innsikt og kunnskap om grunnlaget for dei.

ØKONOMISK STORE OPPGÅVER

Dei museumsfaglege oppgåvene til ein region som Ryfylke er store. Med variasjonar frå øylandskap i vest til fjord- og fjellandskap i aust med eit areal like stort som resten av Rogaland. Det gir museet mange og store oppgåver og me lurar på om Halleland veit kor mykje den største kommunen bidreg med i tilskot til museumsarbeidet.

– Det er eg usikker på eller rettare sagt det veit eg ikkje – berre at Suldal kommune er best mellom dei som står bak museet.

For budsjettåret 2025 er 97 000 kroner svaret. Mindre enn ei krone per innbyggjar. Halleland er overraska – og vart ikkje mindre overraska da han forstår at kommunane på Haugalandet betaler over 90 kroner per innbyggjar til regionale museum.

– At Bokn med sine 1 000 innbyggjarar betaler mest like mykje til sitt regionale museum som Stavanger, viser at me ikkje er gode nok. Her er det noko me har oversett.

Han peikar på at det kan vera grunnar for dette. Uansett er det viktig at dei folkevalde i større grad blir eksponert for dei oppgåvene og bidraga museet arbeider med og står bak. Det er sjølv sagt noko som òg ligg på oss folkevalde, men musea må utfordra oss og bruke den formidlingskrafta dei har til å setja museet inn i ein kontekst slik at me lærer og betre forstår vår eigen historie.

Halleland meiner Ryfylkemuseet bør kalla saman til årlege faglege samlingar der sentrale personar tek del, politisk og administrativt: Her kan ein bli utfordra og lest opp på oppgåvene museet gjer og bør gjera. Ikkje minst drøfte kva ein kan gjere saman i møte med mellom anna barnehagar og skular og i næringsutviklingssammenheng. Ein slik arena med klare målformuleringar vil gjera det lettare å sjå når prioriteringar skal gjerast.

– Å få faglege og praktiske utfordringar presentert og diskutert gir oss grunnlag for å påverka og prioritera. Me treng å bli lest opp og utfordra i ei tid der fokuset vårt lett blir skule og eldreomsorg.

Å informera kommunestyret er bra, men ikkje nok, meiner Halleland og trur at ein større grad av involvering vil gje eit anna resultat.

Frå å kome frå ein mindre kommune der alt ein prøver å få til er å løysa lovpålagde oppgåver, er det i Stavanger eit større armslag som er viktig skal ein vera eit sentrum for regionen rundt seg. Ryfylke har vore og er ein region som heng nøye saman historisk og næringspolitisk.

– Derfor er det viktig at byen bidreg til løysinga av oppgåver museet står for som ein sentral aktør i samfunnet, gjennom sitt arbeid med å **samla, ta vare på, forska på og formidla materiell og immateriell kulturarv for nye generasjonar.**

REISA TIL AMERIKA

Sjølv har han nett vore i Amerika og tok i mot *Restauratation* i New York som ein del av utvandramarkeringa dette året. Også her markerer Ryfylke seg - og ikkje utan grunn, fortel Halleland.

– Dei fleste som reiste kom frå Ryfylke og det var ei oppleving å møte skuta som kom «over there», og forstå den ferda folka våre gjorde for 200 år sidan.

Sjøen og vatnet har vore noko som har samla Ryfylke. Næringsvegane våre er bygde på det våte element. Vannkrafta har gitt byen og bygda liv, sjøen har vore ferdselsveg og næringsveg. Naturressursar som framleis og på nye måtar gir ny kraft.

– Vatnet er energi. Det gir Stavanger – og Ryfylke – store inntekter. Sjøen og havbruket har vokse fram på kort tid og er den nye olja, i dag den nest største eksportnæringa i landet.

Mykje starta i Ryfylke. Kva om me saman kan fortelja om den reisa desse næringane har gitt for regionen og landet vårt? Museet er her allereie og kan bli ein viktig aktør i å setja utviklinga inn i eit historisk perspektiv.

– Kor me var og kva som førte oss hit, seier Halleland.

Halleland kjem tilbake til bidraget Stavanger kommune gir til Ryfylkemuseet. Han visste ikkje at dei bidrog så lite og er viss på at her må noko gjerast for eit så viktig arbeid. Men det gjeld nok fleire når me ser på kva andre kommunar som ikkje er med i Ryfylkemuseet bidreg med til «sine» museum. Til dømes Randaberg som er med i Jærmuseet og betalar nesten 1,5 millionar kroner i tilskot til drift i 2025.



Årlege tilskot frå kommunane ved to av regionmusea

RYFYLKE

Suldal	1 547 340
Sauda	150 000
Hjelmeland	75 000
Strand	60 000
Sandnes	60 000
Stavanger	97 000
Kvitsøy	25 000

2 014 340

HAUGALANDET*)

Haugesund	4 733 788
Tysvær	1 075 572
Vindafjord	828 644
Utsira	20 148
Bokn	81 972

6 740 124

*)Karmøy er per i dag ikkje med i Haugalandsmuseet

Bildet er tatt på Låve ved Suldalsvatnet, like før du kjem til Nesflaten



Det må vera ei nerve i bildet, det må fortelja deg noko og skapa noko tidlaust, var ord han brukte om arbeida sine. Anne Berit Skeie er ein muntrasjon i Ryfylke. Lærar, folkevald, synleg i det offentlege ordskeiftet og som Jan gledde seg over å få ta bilde av.



Jan Nordveit (1960–2024)

Bonden og fotografen Jan Nordtveit på Ilstveit i Imsland sparka småstein på Tau i Strand kommune i lag med dei to systrene sine. Men i 1978 tok foreldra (Erik og Jenny) med seg heile ungeflokken og reiste til Imsland fordi Ola Ilstveit, onkelen til mora, trong hjelp på garden.

Jan var bonde, men lidenskapen hans låg til fotografiet. Hobbyen og talentet hans vaks fram, og det blei etter kvart levebrødet. Å fotografere handla for Ilstveitsbonden om å leita etter den rette situasjonen og få fram det særmerkte. Laget han hadde med folk, ung eller gamal, hjelpte han i å få fram det beste, det karakteristiske i det som skulle festast til «filmrollen».



LYSET HAR GLEDD MANGE

Einar Schibevaag

Det var den draumen Jan Nordtveit bar på; «at noko vidunderleg skal skje». At han kunne finna det lyset og den staden som fekk fram det beste i det bildet han skulle ta.

Den kreative sansen, blikket for den rette staden, og å få fram dei tusen orda eit bilde kan seia oss. Det beste var ofte ikkje godt nok, men resultatet viser at særmerket for fotografiarbeidet hans ofte lykkast.

Han rekna seg for, og var ein ekta ryfylking sjølv om virket hans ikkje berre var her. Å arbeida i og med Ryfylke likte han godt, og det er ikkje få som har arbeidet hans på veggen heime eller sett arbeidet hans i trykksaker. Mor og far, ektefolk, bedrifter, kommunar og fylkeskommune har banka på døra hans og bede om hjelp til å dokumentera ei eller fleire historier som skal fortelja oss om det som har vore og det som skal bli.

Han var så lett å arbeida med, ein kar det var lett å bli glad i. Ein eigenskap som òg har vore ein viktig grunn til og ei drivkraft for at kua måtte vika for fotoapparatet på heiltid. Folk har det ofte med å bli litt stive i blikket når eit kamera kjem fram og ei historie skal sankast for ettertida.

Nordtveit likte seg best i det vesle formatet og likte ikkje dei store og formelle settingar. Han sette seg sjølv aldri i sentrum og likte seg best i dei små forsamlingar. Unnataket var når han fekk los på det rette lyset og den rette stemninga. Han livna til, var kreativ og fekk fram historier me kjenner igjen i den historia bilde skal fortelja. Når du spurde om han var ein kunstnar, drog han på det – det er menneskemøta som er det aller viktigaste for meg, etter det som ville blitt 25 år bak kamera.

Det er eit kinesisk ordspråk som heiter «eit bilde er meir verdt enn tusen ord». Og mange ord er levert med bidraga hans, bidrag som likevel sette fotografen i sentrum med dei mange prisane han har fått for arbeida sine. Både i Noreg og internasjonalt er arbeidet hans høgt verdsett. Ei verdsetjing me veit Nordtveit sette stor pris på, og som førte til at han fekk vera med å peika ut vinnarar i internasjonale meisterskap for fotografering i Europa. Norges Fotografforbund peikar på fotografen med sine mange utmerkingar som ein fotograf som vågde å tenkja og handla utanfor boksen.

Han «tok ikkje berre bilde», han var og er ein internasjonal kunstnar, og arbeida er og blir kunst. Han har sett solide spor etter seg i Ryfylke, Noreg og Europa ved at arbeida hans er å finna i heimar og på offentlege stader. Berre vel ei veke før Jan døydde var eg saman med han på reise i Nederland på oppdrag.

Gjennom fotografiet har Jan Nordveit fortalt historier. Dei er det knytt følelsar og lengt til som kan sjå langt utover deg sjølv. Å bli invitert inn i bilde, i ei forteljing som er visuell, er som andre forteljingar, men uttrykket er annleis. Eit grep Jan Nordveit meistra til fulle.

No er det siste bildet tatt. Jan Nordtveit døydde i november 2024. Om han er ute av tida vil spora etter arbeida hans leva vidare i mange heimar og møtepunkt.





«The Shepherd»

Gullmedalje i Norges Fotografforbunds årlege konkurranse i 2018

Tatt for Bondevennen i samband med sauesanking (Nils Viga Hausken frå Hjelmeland i bilde).





SETT FRÅ NABOHUSET

Torfinn Opheim

Eg vaks opp som nabo til det som i dag er Industrierbeidermuseet i Åbøbyen. Næ-
re bestemt i Håkongsgata 55.

Som liten gut var huset ved sida av oss ikkje noko museum, men ein heilt vanleg
heim for arbeidarfamiliar i Sauda. Det er merkeleg korleis ting som seinare får hi-
storisk verdi, i samtida berre var slik livet var. For oss var Åbøbyen heilt kvardagsleg.
Vanleg. Det var heime.





KVEN BUDDE KOR

Men i ettertid forstår eg at som barn var eg tett på ein av dei tydelegaste sosiale landskapa i industristaden Sauda. Kven som budde kor var ikkje tilfeldig.

Det låg ei rekkjefølgje, ei form for rangordning, innebygd i gatene. Husrekkene som låg nærmast smelteverket var dei som fekk mest støy, støv og lukt. Det var her arbeidarane budde, dei som stod tettast på dei varme omnane og dei tunge taka i skiftarbeidet. Litt lenger oppe, i dei større husa med større hagar, budde ingeniørane.

Lengst vekk frå støyen og med god utsikt, låg direktøren sitt hus. Slik kunne ein lesa både økonomi, utdanning og status i topografien, utan å sjå eit dokument eller ei lønnsliste.



ROLLE FOR SAMFUNNSUTVIKLINGA

I dag, som vaksen, ser eg kor sterkt dette fysisk organiserte samfunnsbiletet har prega Sauda. Som barn kjende eg det berre som ulik lukt i lufta, lyden av fabrikkene om natta, og røyken som kunne leggja seg som eit fint støv over vinduskarmene og kles-snorene.

Arbeid var ikkje noko abstrakt. Arbeid var noko du høyrde, lukta og såg. Fabrikkene låg rett ved deg, eit slags pustande maskineri som alle visste at me var knytte til, anten me ville det eller ikkje.

No som huset er blitt museum, kjennest det mest som om barndomen min er stilt ut. Noko som før var levde liv, oljelukt og skit under neglene, er no utstilling. Eg kjenner både på å vera stolt og eit snev av det såre. For dei som budde i desse husa bar ikkje historia som ein glorie. Dei bar ho på ryggen, i kroppen. Lange nattskift og korte måltid mellom skifta var melodien. Men dei bar òg fellesskap, naboskap og ei slags konkret trygghet. Fabrikkene ga arbeid. Og arbeidet gav liv.

Industriarbeidarmuseet i Åbøbyen er derfor ikkje berre eit museum. Det er eit hus som fortel om kvardagar, om forskjellar og om fellesskap. Om korleis eit samfunn byggjer seg sjølv, og om korleis det levde livet i ein liten industristad heng saman med dei store historiene om industrialisering, arbeidarkamp og sosial lagdeling.

Når eg går forbi museet i dag, ser eg ikkje berre ei utstilling. Eg ser barndommen min. Eg ser gryande forståing av verda. Eg ser korleis eit heilt samfunn kunne lesast i noko så enkelt som plasseringa av hus i ei bygd mellom fjord og fjell.

For meg er Åbøbyen framleis ikkje berre kulturminne. Det er heime. Det er minnet om korleis historia ikkje alltid er noko me les om, men noko me lever midt i, utan å vita det før seinare.



Sagbruk inst i Vindafjorden sidan 1600-talet

Mykje tyder på at det alt på 1600-talet var sag i Skipavåg. Det skal ha blitt eksportert trelast bl.a. til Skottland frå denne saga. På 1700-talet, før 1770, hadde Ropeidgarden sag med vasskraft frå Skibevaagelven, i dag «Skjøljaelva» når folk snakkar om elva. Om Ropeid hadde denne saga i lag med Skipavåg, er ikkje sikkert, men det er sannsynleg.

Dei hadde ei tid felles fiskerettar i dette området, og det var nære slektsband mellom Ropeid og Skipavåg. Ola Torkelsson Skipevåg fekk skøyte på garden i 1757. Han var gift med Inger Torjusdotter Ropeid. I mars 1768 dett sonen til Ola og Inger, Torjus gjennom isen i Skipavåg. Faren skulle berga han, men dei drukna begge. Faren Ola var 49, sonen 17 år. Enkja sat att med tre jenter. I 1769 vart eldste dottera Bryndla gift med Lars Tjerandsson, som var av Bårdsætta på Fosstveit i Sauda. Lars fekk skøyte på Skipevåg i 1770, og etter det hadde ikkje Ropeid sag i Skipavåg.

Det var ei sak mellom Ropeid og Skipavåg om grenselinjene i Barlundvikjå i 1775. Forholdet mellom nabogardane var kanskje ikkje slik det hadde vore i førre generasjon. Saudakaren som hadde gifta seg med odelsjenta i Skipavåg hadde nemleg begynt å hogga tømmer i Barlundvikjå (på grensa mellom Vindafjord og Suldal) som hørde til Ropeid.

Denne første Lars i Skipavåg hadde sag og dreiv med trelasthandel fortel historia. Eldste sonen til Lars og Bryndla, Ola Larsson f. 1776 fekk skøyte på garden i 1804 for 280 riksdalar. Då var ikkje saga med, denne kjøpte han då faren døydde i 1809 for 200 riksdalar. Verdien av saga var stor i forhold til verdien av sjølve garden som på den tida hadde nest høgast skyldmark av alle gardane i Imsland, berre Våga hadde meir.

Neste eigarskifte var då Lars O. Skipevåg, f. 1807 fekk skøyte på garden i 1836. Lars hadde i tillegg til saga skipsverft ved Jupevik, og i 1853 bygde han ei jakt på 60 fot, i 1856 bygde han ei skute på 85 kommerselst (snaut 200 tonn). Begge desse blei bygde for eiga rekning og selde då dei var ferdige.

Fire år seinare, i 1860, bygde svogeren til Lars, Helleik Torgersson Haugaland ei jakt på verven. Ein veit ikkje om fleire fartøy blei bygde her, men det er ikkje utenkjeleg.



SUKSESS SOM FORSVANN OVER NATTA

Lars B. Skipevåg

På slutten av 1800-talet oppstod det behov for ei ny vare. Både vinter og vårsildfiske gav store fangstar. Sild blei eksportert til fleire land, deriblant Russland, Polen med fleire i aust, og dei ville ha fersk sild i store mengder.

Då blei løysinga kassar med eit lag is i botn, fisk i midten og eit nytt lag is på toppen. Det fanst ikkje ismaskinar i dei dagar så isen måtte ein finna der han var når han var der. Litt lenger nord på vestlandet hadde ein andre moglegheiter. Eit eksempel er at det i 1863 blei bygt veg til Bondhusvatnet for å ta ut is i brearmen Bondhusbreen. Her kunne ein driva isuttak året rundt, men i Rogaland hadde ein ikkje slike moglegheiter. Eit nytt behov var etablert, og fleire stader inne i fjordane blei det etablert isuttak på små og litt større vatn i passande transportavstand til gode hamner.

GRÜNDERAR ETABLERTE SELSKAP

I 1906 blei Ryfylke Iscompani stifta av fire karar som såg marknaden i sal av is. Dei som stifta Ryfylke Iskompani var Christian Berdines Finnvik, Theodor Imsland, Johannes Tveita i Jelsa, og Tormod Bakkevåg frå Haugesund.

Chr. Berdines Finnvik sto i bresjen for dette, og det blei etablert avtale med Lars Olsen Skipevåg for uttak av is på Skjøljavatnet i Skipavåg samt etablering av utskippingshamn, islager osv. ved Jupevik i Skipavåg. I Jupevik stod den gamle Skipavågsaga som òg gjekk inn i leigeavtalen. Val av lokasjon har truleg to årsaker. Skjøljavatnet ligg lageleg til både med omsyn til avstand til god og isfri hamn, og kanskje har det hatt noko å seie at Chr. Berdines Finnvik var gift med søster til grunneigar.

Den gamle saga blei dei første åra hovudsakleg nytta til skjering av tønnestav, og produksjon av material til bygging og vedlikehald av isrenner og liknande. Det var først seinare då det blei bygt ny sag lenger ute i vika at det blei meir omfattande sagbruksverksemd og trelasthandel.

Det var òg behov for ei mannskapsbrakke i Jupevik. Den gamle husmannsstova i Anfinnsvikja blei flytta til Jupevik og nytta som arbeidsbrakke, «Isbrakkå». Det var dette huset Torjus Vikjå f. 1820, den siste husmannen i Vikjå, budde i. I dag er dette fritidsbustaden til Johan Finnvik, barnebarnet til Christian Berdines Finnvik.

ISSKJERING PÅ SKJØLJAVATNET

I 1906 blei Ryfylke iskompani etablert på den gamle sagplassen i Jupevik i Skipavåg. Formålet var uttak av is frå Skjøljavatnet som ligg ca. 20 moh. og vel 300 m i luftlinje frå Jupevik. Fallet var lageleg, men isrenna var forholdsvis lang. Det er rimelig å tru at denne må ha gått i omtrent same traseen som vassrenna til saga i Jupevik hadde gått i rundt 200 år før isdrifta kom i gong.

Isrenna frå Skjøljavatnet til Jupevik var over 300 m lang, og over ei myr stod ho på bukkar om lag 10 meter over bakken. Det blei bygt eit «ishus» ovanfor iskaaien i Jupevik. Dette hadde ei grunnflate på ca. 180 kvm, og lagerrommet var fem-seks meter høgt. Ishuset hadde dobbelkledding der mellomrommet på ca. 40 cm var isolert med sagflis. Her kunne ein lagra is ei stund utover året. Frå 1908 til ca. 1926 blei isen stort sett levert i blokker på ca. 60 x 60 cm. Tjukkel-




På dette bildet ser ein ishuset og isrenna til venstre. Til høgre er vassrenna og den gamle Skipevågsaga i Jupevik.

sen på isen bestemte høgdemålet, så den kunne vera frå litt over 10 cm til 30–40 cm på kalde gode isvintrar. På denne tida var både arbeidsfolka og eigarane begeistra for kalde helst litt snøfattige vintrar skulle ein tru. Isblokkene blei skipa ut til mottakarane i gamle seglskuter som var nedrigga og ombygde til lekterar.

Isblokkene blei stua for hand i lasteromma. Dei største lekterane blei slepte av taubåtar, og dei mindre av vanlege skøyter. Storparten av mottakarane var i Hauge-sund, men dei hadde og islaster til Egersund og Bømlo. Det har òg blitt fortalt at ein hadde islaster til Kvitsøy, så ein kunne kryssa opne havstrekningar med desse farkostane i godt vêr.

KREVJANDE Å FØRA IS

Ola Skipevåg f. 1908, altså far min, hadde arbeid både med isproduksjonen og transporten. Han fortalde nokre historier frå fraktinga. Lekterane var ikkje alltid heilt tette, og sjøvattn og sjørøk på isen resulterte i dårleg butikk. Difor var det som regel med fleire folk på lekterane for å lensa romma med handpumper. Ei blanding av smeltevatn og salthaldig sjøvattn måtte i minst mogleg grad komma i berøring med isen. Ein gong rauk rorkjettingen på ei skøyte i Nedstrandsfjorden. Ola Skipevåg måtte stå bak styrhuset og styra direkte med rorkulten, men vêret var såpass dårleg at han måtte surrast fast for å halda seg på føtene. Gjennom Frekasundet var det sterk straum og det vart eit fela strev med å halda skøyta på rett kurs med kommandorop frå styrehuset. Han som stod med roret såg berre bakover.



Juvevik i 1960-åra

ARBEIDET PÅ ISEN

På ein god dag kunne 20 mann lasta 100 tonn blokkis. Desse islekterane blei plasserte i hamnene til mottakarane og lossa etter behov. Difor blei fullasta lekterar fortøydd hjå mottakarane og slepebåtane tok med seg lekterar som var tømde tidlegare tilbake til Juvevik.

For å komma i gong med isarbeidet måtte isen vera så tjukk at ein kunne gå på han. Ein brukte ein spesiell isplog for å skjera spor i isen. Ved tynn is blei denne dregen med handmakt, og når isen var tjukk nok så brukte ein hestar til å dra isplogen. Etterpå måtte dei skjera gjennom isen med issag og brekka blokkene laust med eit spesielt spett.

PRODUKTUTVIKLING

Ola Skipevåg fortalde at det einaste skotøy som var brukande på isarbeid var to par ullsokkar, store tresko som ein hadde slått passande spiker gjennom for å ha gripeevne på isen. Sidan fløytt ein isblokkene til isrenna der det stod ein vasshjuldriven transportør som tok blokkene opp i renna. Isrenna førte blokkene rett ned i lasteromma på lekterane som låg på kaien, der fleire mann lasta og stua blokkene på plass.

Seinare gjekk ein over til å levera malen is. Då vart arbeidet med isskjering enklare. Ein kunne til og med bruka dynamitt for å sprenga opp isen, og slå han sundt i passelege bitar så han fekk plass i isrenna.

I enden av renna var det først vasskiljar og så iskvern som mol opp isen før den gjekk rett i lasterommet. Ein gjekk på denne tida og mykje over til å bruke vanlege frakteskøyter til å transportere isen til mottakarar.

MILDEVINTRAR

Alt om haustane blei det skrive kontraktar med fiskeeksportørane om levering av is utan omsyn til korleis vintrane blei. Også på den tida kunne det vera «slovintrar» med lite is. I slike tilfelle hadde Ryfylke Iscompani reservelokalitetar som var meir issikre. Ein av desse var Rødstjørna i Saudasjøen. Ein demde òg opp ved Løkjen i Rønnevik. Der var det grunt, så isen la seg lettare.



FRÅ VOKSTER TIL BRÅ SLUTT

15–20 personar var engasjerte i isdrifta, og det passa godt at det var mest hektisk på den årstida bøndene hadde det rolegast. Det var også mange arbeidsplassar knytt til transporten. Det var hardt arbeid og lønene varierte. I starten var daglønna ca. tre kroner, under første verdskrigen oppe i 15 kroner dagen for så å gå ned til rundt fire kroner i 1939. Prisen dei fekk for isen var mellom tre og fem kroner tonnet når han blei levert som blokker. Seinare var prisen pr. kasse

Johan Finnvik (t.v.) og Sverre Finnvik vaks opp på Jupevik og minnes vel arbeidsøker på isskjering

oppmalen is. I kassane var det ca. 120 liter og prisen var frå ca. 45 øre for kassen til siste driftsåret i 1954 då prisen var 1,75 kroner for kassen.

I 1940-åra minka etterspørselen etter is. Kunstfrosen is hadde for alvor teke opp konkurransen, og i 1954 var det slutt på «istida».

Drifta i Jupevik gjekk meir over til sagbruksdrift og trelastverksemd. Tor Finnvik f. 1904 tok over drifta etter faren. Det blei bygt ny sag litt lenger ute i Jupevik, den brann ned og ny sag blei bygt ca. 1945. Denne saga er i god stand og framleis i drift av Johan Finnvik som er barnebarnet til Christian Berdines, som og var far til den kjende Anna Finnvik som dreiv Handelsmuseet i Finnvik til innpå 2000-talet.

Krigen og isen

Måndag 8. april 1940 gjekk Bjarne Finnvik med skøyta «Jardany» frå Jupevik i Skipavåg til Haugesund. Rasmus Finnvik og Ingvar Skipevåg var mannskap. Dei var lasta med is både i lasterommet og på dekk. Dekkslasta skulle dei lossa over i skonnerten «Herold» som blei brukt som isleker. Deretter skulle dei slepe «Herold» til Bømlo. Det låg fleire tyske lasteskip side om side oppover heile Karmundet. Bjarne, Rasmus og Ingvar la merke til at dei låg høgt i vatnet, sjølv om dei hadde haug med kol på lukene. Dei fekk ikkje dette til å stemme. Men at det skulle bli som det blei var ennå fjernt. Dei la seg til i Haugesund for kvelden, og hadde bestemt seg for å starta grytidleg neste morgon.

I 4-tida om morgonen tysdag 9. april blei dei vekte av eit enormt smell. Dei for opp og såg at eit tysk skip hadde fått skottreff av eit norsk krigsfartøy. Det tyske skipet var på veg opp leia og hadde ikkje stoppa på ordre. Bjarne som var sonen til Christian Berdines venta faren til Haugesund med «Fjorddrott» på føremiddagen. Men nokon rutebåt såg dei ikkje den dagen. Heile oppdraget med sleping av isleker over Sletta til Bømlo blei bokstaveleg talt lagt på is. Noreg var i krig. Dei måtte prøva komma seg inn i fjordane igjen for å berga livet, men det var for risikabelt å gå om dagen, så dei venta til det var mørkt før dei sette kursen mot Vindafjorden og Skipavåg igjen. Heim kom dei.



EIN NY VÅR FOR FRUKT-RYFYLKE

Arne Kleppa

I Hjelmeland kommune vart det i 2024 levert 1100 tonn eple frå produsentane til fellespakkeriet i Årdal. I tillegg kjem produksjonen som har gått til pressing av eple-saft, siderproduksjon og direkte distribusjon av eple frå eigen gard til private kundar. Samla produksjon av eple kan dermed ligga rundt 1200 tonn i 2024.

I ein artikkel i boka «Ryfylke – 50 år med samarbeid» skriv Trygve Brandal i artikkelen «Fruktdyrkinga i Ryfylke – framtidsnæring med tradisjonar» mellom anna følgjande:

«Det kan høyrast over - optimistisk ut, men målsetjinga er å dobla avlinga per dekar eller meir, og det med lågare arbeidsinnsats. Med nye produsentar og ved å utvida arealet, kan årsproduksjonen av frukt i Ryfylke auka frå 250 tonn til opp mot 1000 tonn i løpet av nokre år».

ENDRING I PRODUKSJONSMÅTAR

Brandal, som skreiv artikkelen i 2017, kallar spådommen om 1000 tonn frukt to-talt i heile Ryfylke i løpet av få år for over-optimistisk. Fakta er altså at epleproduksjonen åleine berre i Hjelmeland har passert 1000 tonn i løpet av sju år. I tillegg til dette kjem ein sterkt veksande kultur i produksjon av morellar dyrka i såkalla tunnelar. Tradisjonell dyrking av jordbær, bringebær, rips og solbær har ikkje hatt nemnande auke, heller tvert om. Det same gjeld òg delvis dyrking av plomme.

Det er truleg også slik at det i dei øvrige Ryfylkekommunane har vore vekst i produksjon av fruktslag som eple og morellar, utan dette er granska i samband med denne artikkelen. Alt i alt må me difor kunna fastslå at det som for få år attende vart karakterisert som overoptimistisk likevel var høgst realistisk, og vel så det. Ryfylke-regionen generelt og Hjelmeland spesielt er nå, slik det har vore i om lag 150 år, Rogaland fylke sin fremste region for fruktdyrking. Denne utviklinga har ikkje kome av seg sjølv, men som resultat kombinert av fleire faktorar utvikla og iverksett over mange år.



I Vigatunet er det samla eldre frukttresortar i ein «Frukthistorisk» hage

EIT TILBAKEBLIKK

For å gje lesaren eit samla bilete av utviklinga i fruktdyrkinga i Hjelmeland, går eg nå langt attende i tida.

Tor Skiftun skriv i bygdebok for Hjelmeland av 1938 følgjande:

«Til sorenskrivargarden Knutsvik høyrde i

det 18de hundradåret ein hage som det gjekk stort gjetord av i den tida og som Kraft segjer var den største hage i heile Kristiansands stift. Hagen hadde etter same kjelde ein storleik på 18966 kvadratalen.» (Tilsvarar omlag 11 dekar).

I 1829 vart hagen overtatt av kaptein P. M. Weisenberg. Sonen hans, Conrad, vart den mannen som i historia vert ståande som føregangsmannen og vegbrøytaren for frukt-dyrking i Hjelmeland.

SMÅTT MED PLANTESKULAR

Frå 1850-talet tok han til med fruktdyrking på ein måte som var heilt ukjend til då. Det som trongst mest av alt var frukttre og bærbuskar av ulike slag. Kor var desse å finna? Det fanst ikkje planteskular på denne tida i nasjonen, alternativet var å finna dei i andre land, for så å bringa dei hit. Nå hadde det seg slik at Hjelmeland i 1858 fekk ny sokneprest. Hofgaard var namnet hans, og ved sida av prestegjeringa si ein skikkeleg god gammaldags «matprest». Slik sett var han ein bortimot lidenskapeleg fruktdyrkar som etter kvart mellom anna lærte folk å laga seg frukttre på eiga hand ved poding og okulering. Men først måtte det skaffast frukttre-sortiment frå utlandet før ein kom så langt. I tillegg til presten Hofgaard og Weisenberg, hadde Hjelmeland på denne tida også ein lensmann som var svært interessert i fruktdyrking. Og dermed var triumviratet på plass som var i stand til å ordna med import av frukttre og bærbuskar. Ein sentral leverandør var Flottbeker Baumschule i Hamburg.

VIN PÅ SANDE

Ole Selvaag kom til garden Sande i 1884, og han tok straks til med fruktdyrking på Sande. Sonen Kristen vart gift med Abigal Petronelle Johanne Hofgaard, og dermed var det duka for utvikling av fruktdyrking på Sande av ein storleik og med eit sortiments-omfang ingen hadde sett før på desse kantar. Nye distribusjonskanalar vart

etablerte samstundes med foredling av visse frukt- og bærslag, noko som var heilt nytt. Det vart til og med produsert vin på Sande. Dette vart vel motteke i andre delar av landet. Kristen Selvaag er òg kjent som den mannen som gjekk i spissen for eksport av bær i stort omfang til England. Eksporten tok til som prøvesending i 1895, for så å ta seg opp med høgdepunkt i 1913, då vart det eksportert om lag 240 tonn bær frå Stavanger. Etter stans i første verdskrig starta eksporten på ny med toppunkt i 1926 på 287 tonn. Etter dette gjekk eksporten raskt attende etter at det vart innført toll, noko som gjorde at det ikkje lenger var rekningsvarande.

Selvaag er også kjent for å ha utvikla Sandeplomma, plomma som alle ville ha. Den etter kvart så kjente og kjære bærkorga fletta av furuspon var det òg han, saman med Johannes Hetlelid, som var meisteren for.

HAGANEVEKS FRAM

Selvaag, med sin entusiasme og nyvinning innan hagebruket, gav sjølvstekt inspirasjon til satsing på frukt og bær langt ut over Hjelmeland sine grenser, men særleg i nærmiljøet. I mellom- og etterkrigstida vaks det i Hjelmeland, Årdal og Fister fram frukthagar på «annankvar gard» der dei klimatiske tilhøva låg til rette for dette. I Hjelmeland særleg på Jøsneset, Ombo, Øye, Askvik og på gardane i sentrumskrinzen Solvang. I Fister særleg i Hetlandsbygda og frå sentrumsgardane i Fistervågen og ut langs Fisterneset til og med Helgøy. I Årdal var det særleg tre område med utbreidd hagebruk, Nessa, Riskedal og Ytrevoll.



EKSPORT FRÅ HJELMELAND

Hagebruket var i kontinuerleg vekst i kommunen frå mellomkrigstida til rundt 1950. Etter dette gjekk det jamt nedover og fekk eit førebels botnmål rundt 1960. Dei første åra på femtitalet er rekna som toppår i denne tidsepoken. I Stavanger Aftenblad 31. august 1950, er det på førstesida eit stort oppslag, der innleiinga er slik:

«På ei vekes tid har Hjelmeland blitt eksporthavn. Ikkje mindre enn fire av rutebåtane var innom i går kveld. Sjølvaste kystruta «Kong Sverre» hadde og tatt vegen inn, og det måtte vera eit kraftig innsig av brisling som skulle samla like mange småbåtar på Hjelmelandsvågen...» Og seinare i artikkelen: *«4000 kassar gul plomme vart lasta om bord i «Kong Sverre» i ettermiddagstimane. Dessutan vel 50 tunner fråsortert plomma. Kvar kasse veg 10 kg. Og tunnene mellom 70 og 80. Det skulle verta om lag 44 tonn, og dette gjeld berre sendinga gjennom Ryfylke Fruktlag. Dessutan går det store kvanta til Gartnerhallen, til Jåtun Fellessalg og til private grossistar.»*

SALSLAG BLIR ETABLERT

Som ein skjønar av refererte artikkel var det skjedd ei stor omstilling og nyvinning etter eksportkrakket rundt 1930. Nye organiserte salslag vart etablerte, og med det nye distribusjonskanalar på den nasjonale marknaden. Dette, kombinert med etablering av verksemder for foredling og konservering av frukt og bær, gjorde at det i denne perioden på mange måtar vart ein «gullalder for fruktdyrkarane. Ryfylke fruktlag etablerte mellom anna avtale med Tønsberg bryggeri for leveranse av store kvanta plommer.

KOMMUNEGARTNAR TILSETT

Rundt 1960 var som tidlegare nemnt «gullalderen» over. Fram til midten av 70-talet var det meir eller mindre stillstand. På mange bruk vart frukthagane skifta ut med andre kulturar – og svært få nye kom til. Først i siste halvta av 70-talet kunne ein ana starten på ein ny æra. Hjelmeland kommune oppretta då kommunegartnar i heil stilling, og Terje Pundsnes vart tilsett. Hjelmeland kommune var den første kommunen i Ryfylke som oppretta slik stilling. Mange vil hevda at han hadde ei formidabel oppgåve framføre seg. Dei fleste på denne tida såg at mange nyvinningar måtte til for at hagebruket på ny skulle verta ei viktig næring i distriktet.

Rundt 1980 vart det etablert frukthistorisk hage i Vigatunet. Føremålet med dette var å sikra og vedlikehalda gamle sortiment av eple, pære og plomme.

PLANTEVERN MIDDEL VAR EI UTFORDRING

Kvalitetskrava vart etter kvart langt sterkare, produksjonsmetodane kravde vesentleg endring. Det var mellom anna ikkje aktuelt lenger å halda seg med frukttre på opp til 8-10 meters høgde, noko som kravde stigar og innretningar for å få tak i frukta med dertil stor fare for «liv og lemmer på kjøpet.»

Fram til slutten av 1900-talet var det og tilnærma fritt fram å «pøsa» på med plantevernmidlar mot sjukdommar. Kraftige restriksjonar på dette gjorde det og nødvendig å få fram nye plantar og treslag som var meir resistente for åtak av insekts- og soppsjukdomar. Alt i alt vart det stadig meir trong for kunnskap innafor alle felt i fruktdyrkinga. Det er her kommunegartnar og forsøksring, som også vart etablert i denne perioden, kom inn som vesentlege årsaker til at det fram mot århundreskiftet 1900-2000 på ny var tydelege teikn på vekst i hagebruket. Dei aller første teikna var sterk vekst i jordbær dyrking. «Fisterbær» er kjent langt ut over kommunen sine grenser, og eit godt døme på det som var i emning.

Trygve Brandal skriv at ny vekst og radikal positiv endring i næringa etter dei gode tidene er tufta på fire forvandlingar:

1. Overgangen frå høge vide krontre planta på store avstandar til tettplantingar med slanke tre med korte avstandar.
2. Plantevern og sprøytemetodar
3. Omsetninga
4. Fagleg rettleiing

For vår del kan me føya til eit femte, vakse fram på kort tid i seinare år:

- Foredling av frukta i produksjonsanlegg på eige bruk

NYVÅR FOR FRUKT

Det vil føra for langt her å gå inn i detaljar innafor dei ulike punkta. Likevel er det eit par tilhøve det er vel verdt å nemna.

Ny suksess innafor fruktdyrkinga i Hjelmeland og Ryfylke kan nok i ei viss utstrekning tilskrivast det prosjektbaserte omgrepet «Frukt i Rogaland». Under denne paraplyen har brukarar kunna søkja om investeringstilskot til mellom anna nyplantingar. Vidare har det utan tvil vore eit viktig tiltak for distribusjonsleddet med etablering av nytt pakkeri i Årdal. Dette var eit strategisk blinkskot og ei modig satsing der det vart investert 16 mill.

Om du reiser til Helgøy og studerer fruktplantasjen der, så minner det meir om vinmarkene i Sør-Europa enn ein eplehage i Ryfylke. Det er og eit «eventyr» å koma inn i morelltunnelane på Steinsland, Ytrevoll – eller kor det måtte vera i kommu-

nen. Etter kvart er det blitt mange etablissement. Eplesideria på Sæbø eller Fevoll kunne du ikkje førestilt deg ved inngangen til 2000-talet. Heller ikkje alle lokale epleaftprodusentane som lagar epleaft av beste kvalitet. Epleafta og siderprodukta har skaffa seg solid omdømme både nasjonalt og internasjonalt, gjennom mellom anna høgt verdsette prisar.

Kva meir kan seiast her og nå?

Kanskje det viktigaste av alt er at suksess ofte baserer seg på historiske røter, og at stadig kunnskapsbasert omstilling er avgjerande for ny vekst og framgang.

Fruktdyrkarnæringa i Hjelmeland må kunna seiast å vera eit framifrå døme på akkurat dette.



Eplehage på Helgøy – tusenvis av tettplanta tre i «endelause» rekker, som det skulle vera vinrankar i varmare strok

ÅRSMØTE

Det blir kalla inn til årsmøte i venneforeininga
torsdag 13. mars 2026 klokka 19.00
i Ryfylkemuseet sine lokale på Sand

MUSEA og det FRIVILLIGE – erfaringar frå Valdresmusea

v/ **Ole Aastad Bråten**

leiar i Norges museumsforbund og direktør ved Valdresmusea

Det blir innleiing og samtale etter foredraget.

Møte er ope for alle. Er du ikkje medlem er prisen 150 kr

Etter mat blir det vanlege årsmøtesaker.

Har medlemmene saker dei ynskjer å ta opp på årsmøtet må desse
vera sendt til styret innan 1. februar.

Det blir servering, så me ber om at du melder deg på e-post til
post@ryfylkemuseet.no
innan 10.03.26

Barneboka som får liten og stor til å reflektera

Gubben Simon Selleland frå byen Sulesand kjøper ein hund som får namnet Prinsegut. Så byter desse to roller: Prinsegut blir flott herre medan Simon får hundeseng og hundemat og lever som ein hund.

Ingvar Olimstad og Nenad Ignjatic har laga ei ny barnebok til glede, moro, tull og tøys. Men Olimstad understreker at både barn, foreldre, besteforeldre og oldeforeldre kan få glede seg saman om boka.

– Ingenting er vel kjekkare enn å ha små barn i fanget, lesa og fortelja og ikkje minst samtala og fantasera i lag.

Nenad Ignjatic hadde ideen og utfordra Olimstad til bidra med tekst til nokre skisser han hadde arbeidd med, som tar utgangspunkt i barn og oppvekstmiljøet deira. Det fekk Olimstad til å tenne på ideen, då han meiner det er viktig at barn blir kjende med litteratur, musikk og kunst, og at dei sjølve kan bli med i skapande aktivitetar.

– Denne samtalen førte til tankane hans om at det kunne bli ei barnebok, og han ville ha meg til å skriva, fordi det var så viktig at barna i Suldal og Ryfylke får fleire bøker på nynorsk.


Olimstad var noko skeptisk til at ein gammal mann som han kunne ta på seg å skriva ei slik bok, men då han såg skissene tenkte han at desse høver like godt for gamle besteforeldre som for små barn.

– Kvifor ikkje laga ei høgtlesingsbok til dei kjempeflotte og morosame illustrasjonane? Det var slik eg blei «kjend» med Rasmus Løland i si tid. Eg sat i armkroken til far min då han las om dei små gutane og det store nashornet. Etterpå dikta me fram både dyr og troll i skogane heime.

Boka kan få både vaksne og barn til å minnst og gjerne sjå forteljinga i eit vidare perspektiv. Han viser til dei forteljande songtekstene til Aasmund Olavsson Vinje - «Blåmann, Blåmann, bukken min», og til Jakob Sande sin «Kallen og katten».

Kulturskulen har òg fatta interesse for prosjektet og ser på om dei kan dramatisera «Simon og Prinsegut», som altså er tittelen på boka. Martin Haug Tieghem ser på om det går å laga musikk til forteljinga.

– Det vil gleda meg blir det ein realitet.



Utdanning skal forma heile mennesket og gje kvar og ein rom for å utvikla evnene sine

Visjonen til Strand vgs er å få fram "Det beste i den enkelte".
At alle elevar får oppleva læring, livsglede og meistring ut frå sine premissar.
Ein ambisiøs visjon som me arbeider kvar dag for å nå.



Helse- og oppvekstfag



Idrettsfag



Naturbruk



Salg, service og reiseliv



Studiespesialisering



Teknologi- og industrifag



Tilrettelagt opplæring



Vidaregåande opplæring for vaksne



Elektro og datateknologi

Skulen har eigen innføringsklasse

Du kan og ta påbygg til studiespesialisering

strand.vgs.no





eramet

COMMITTED TO SUSTAINABLE METALS



På fabrikktomta vår her i Sauda står det nå to flunkende nye anlegg: Energigjenvinningsanlegget og karbonfangstpiloten.

Energigjenvinningsanlegget, som består av sju gassmotorer, benytter seg av vår ovngass, et biprodukt fra produksjonen av manganlegeringer. Anlegget produserer store mengder elektrisk og termisk energi, og bidrar til økt ressursutnyttelse. Avgassen fra energigjenvinningsanlegget har et høyt CO₂-innhold, og denne skal fanges og lagres.

Karbonfangstpiloten skal brukes til å teste teknologi for å gi oss det beste grunnlaget for det videre arbeidet med å fange, transportere og lagre CO₂ permanent i reservoarer under Nordsjøen.

Med karbonfangst og -lagring skal vi kutte våre utslipp, og målet er å være først til 'Zero CO₂' – å levere verdens første manganlegering helt uten CO₂-fotavtrykk! Slik skal vi bidra vil til å dekarbonisere verdikjeden for stål.

Manganlegeringer øker stålets styrke og fleksibilitet og er helt nødvendige i det grønne skiftet, spesielt knyttet til energiproduksjon og -distribusjon samt omleggingen av transportsektoren.

'Fabrikken' er en arbeidsplass for om lag 200 personer og 25 lærlinger. Hvert år kjøper vi varer og tjenester for rundt 350 millioner kroner i industriregionen Ryfylke, Haugalandet og Hardanger.



Kjetil Helland



Elisa Zahl Johansen



Henrik Lauvsnes

Bevaring av kultur, tradisjoner og historie er viktig for lokalsamfunnet

Vi i EiendomsMegler 1 Ryfylke setter stor pris på å bidra til at dette blir tatt vare på for fremtidige generasjoner.

Sammen med Ryfylkemuseet støtter vi arbeidet med å ivareta sjelen og identiteten til Ryfylke – en verdifull arv vi alle kan være stolte av!



Comrod Communication Group har hovedkontor på Tau, en avdeling i Asker og datterselskaper i Frankrike, Ungarn, USA og Sverige. Vi utvikler og produserer antenner og master til en rekke bruksområder innen forsvaret og til sivil bruk — på sjø og land. Comrod produserer også avanserte strømforsyninger og batteriladere.



COMROD
Reaching further



Skal du på Ryfylkemuseet*

SULDAL HOTELL

Bur du på Suldal hotell
og besøker Sjøhuset på Sand for ein matbit

Tlf.: 51225555

post@suldalhotell.no



* Eller er berre på reise til Suldal og Ryfylke






ENTREPRENØRSKAP OG GRØNT MANGESYSLERI



GRØN LOGISTIKK OG SAMHANDLING



RESIRKULERANDE AKVAKULTURSYSTEM (RAS)

Våre høgare yrkesfaglege utdanningar er desentraliserte, korte og yrkesretta. Dei er utvikla saman med arbeidslivet og byggjer på fag-/svennebrev, eller relevant arbeidserfaring.

Kvart av studia går over to år og er på 60 studiepoeng.

For meir informasjon: elisabeth.winterhus.julsrud@skole.rogfk.no
eller sjå nettstaden til Fagskolen: <https://www.fagskolenrogaland.no>



I Sauda kan du vandre i mektig natur, midt mellom rik krafthistorie og unik arkitektur som har formet lokalsamfunnet de siste 100 årene. I sommerhalvåret kan du følge vannet fra fjell til fjord i syv dalføre. God tur!



Foto: Asbjørn Grønås

Vær oppmerksom på at vannføring kan endres raskt i regulerte vassdrag, og at det kan være farlig å være nær overløp og inntak. Vi ønsker alle en trygg tur i Saudafjellene i sommer!

Saudefaldene er et kraftselskap eid av Å Energi med 85% og Sunnhordland Kraftlag med 15%. Selskapet har driftsansvar for 6 kraftstasjoner med tilhørende regionalnett. Selskapet har kontor i Sauda.

Vi er på web og Facebook - www.saudefaldene.no


Saudefaldene
Engasjert forvalter av vannkraft

Omega Design

ALLE SLAGS TRYKKSAKER SKILT OG FOLIERING PROFILERING



worley
rosenberg

YARDSTAY IN STAVANGER

- Strategic Location
- Largest Yard & Dock in the Region
- Complete suite of **Offshore Support**
- **Complete EPCIC Capabilities** – from Engineering to Operation
- **Certified Expertise** in Crane & Lifting Equipment



Roll-Up



Magiske Masker

#Strikkemagi
#Garnglede
#Kunnskap

Følg oss på

kemasker.no

grafo

TRYKKERI

Offset – Digitaltrykk – Storformat
www.grafo.no

Strandbakken 5 – 4072 Randaberg – Tlf.: 51 89 97 00





**mibau
stema**
GROUP

Rock Solid Business

Mibau Stema Norge produserer over 15 millioner tonn høykvalitetstilslagsmaterialer hvert år - til store prosjekter over hele Europa.

Med avdelingene Jelsa, Tau og Dirdal, er vi en av landets ledende produsenter av pukk- og steinmaterialer.

Som godkjent lærlingbedrift tilbyr vi opplæring i syv fag – Anleggsmaskinførerfaget, Fjell- og bergverksfaget, Kjemiprosessfaget, Industrimekanikerfaget, Anleggsmaskinmekanikerfaget, Elektrofaget og Automasjonsfaget.

Vil du jobbe med oss?

Se ledige stillinger på: mibau-stema.no/jobb

NYNORSK
HEVER

NYNORSK I RYFYLKE SÅ KLART



DET ER
SPRÅKET DITT

BLI MED PÅ NYNORSKLAGET

NYNORSK til 2940 og du er med!

Mållaga i Ryfylke

Sauda, Suldal, Hjelmeland, Strand, Forsand, Sandnes
og Stavanger Mållag

Blir du venn du og?

Alle kan bli venn av museet og du får då:

- Fri adgang på venneforeininga sine arrangement
- Fri inngang på museet sine anlegg i dei ordinære opningstidene
- Magasinet UNDRANDE & SKAPANDE

•
Det er to typar medlemskap:

Einskildperson: 350 kr/år

Familie: 400 kr/år

•
Send ein e-post til
post@ryfylkemuseet.no
eller ring 52 79 29 50
om du vil vera medlem

Me håper og du kan vera med å bidra til museets arbeid når dei treng kunnskapen og erfaringa vår.